

VEDLEGG 1 Nye Syril Stadion – Prosjektskildring


Innleiing

Syril idrettslag har i lang tid ynskt ny idrettsbane ved barneskulen på Leikanger. Me skal no fullføre prosjektet vårt med lysanlegg, gjerde og utstyr. Då treng me hjelp frå gode partnarar!

Anlegget

Me bygger eit fleirbruksanlegg for fotball og friidrett. Anlegget kan handtere alle øvingar innan friidretten og vil faktisk vere det einaste i Sogndal kommune som gjer dette. Fotballen får sårt tiltrengte areal til trening og kamp på aldersbestemt nivå. Figuren under viser situasjonsplan for anlegget. Det lysegrøne arealet er naturgras. Dette gjer kastøvingar mogleg. Det mørkegrøne arealet er kunstgras som skal nyttast av dei yngste fotballspelarane.

Løpebane er lagt opp som ei 333 m løpebane, noko som gjer anlegget spesielt i Noreg. Svingradiusen er den same som for vanlege 400 – meter baner, men langsiden er kortare. Me får 6 sprintbaner og 4 rundløpsbaner. Toppdekket vert lagt i gummi som møter internasjonale krav. Me har to lengdeproper, stavsprang og høgdehopp. Det vert kastbur for diskos og slegge, spydkast og kulestøyt. Me har òg lagt inn volleyballbane og tennisbane, då me trur dette kan gje enno meir bruk.



Figur 1: Situasjonsplan for nye Syril stadion

Bruk

Syril har eit godt friidrettsmiljø med rundt 50 aktive. For å få betre kvalitet på treninga, har den eldste gruppa ofte reist til Sogndal. Tilhøva for friidrett i Sogndal (Kvåle stadion) er heller ikkje optimale, anlegget handterer ikkje kastøvingar og friidretten er lågt prioritert der.

Løpebana på Syril stadion har ikkje vore eigna for konkurranse, og knapt til trening. Tilstanden til lengdegrop var like dårleg. Det er klart at Syril har hatt eit stort behov for eit nytt anlegg for å kunne ha aktivitet i framtida.

Anlegget har sambruk med fotball, som nyttar bana til turneringar og kampar på ulike nivå. No er behovet til fotballgruppa primært baner for aldersbestemt spel. Små fotballspelarar har måtte avvikla treningar i ballbingar og liknande andre stader i bygda. Desse behova er dekkja i planane til det nye anlegget. Fotballgruppa reknar med å nytte det nye anlegget i stor grad, med bruk kvar dag om lag 4 timar. Dette vert mogleg når det nye anlegget får lys. I tillegg vil fotballgruppa ha bruk på bana til avvikling av turneringar og seriespel på aldersbestemt nivå.

I tillegg til aktivitet på ettermiddag og kveldstid, nyttar også både barne- og ungdomsskulen anlegget på dagtid gjennom heile året. Dei legg opp til kroppsøvingstimar med kast-, lengde-, høgdeøvingar, og løp. Det er viktig for skulane å ha godt utstyr tilgjengeleg. Då kan ein stimulera til meir aktivitet og bruk, få større interesse for friidrett og utvikle eit godt og stabilt friidrettsmiljø. Syril vonar at tidspunktet for nytt idrettsanlegg er godt, sett i lys av gode norske prestasjonar internasjonalt. Det går an å bli god sjølv om ein kjem frå Ulsteinvik, Sandnes eller Leikanger!

Trear-baner på kunstgras vil òg kunne stimulere til auka uorganisert aktivitet både for born og vaksne, og gje auka aktivitet i skulen sine friminutt. For generell uorganisert idrett er det også avgjerande at anlegget får lys.

Skigruppa trenar barmark i området og vil kunne ha nytte av anlegget.

Lyssetting vil òg opna for andre aktivitetar. Her kan nemnast at Leikanger har mange aktive mosjonistar, som truleg vil nytte anlegget på kveldstid.

Fullføring av bana

Det er krevjande å bygge idrettsbane for eit idrettslag, heile vegen har me halde streng kostnadskontroll. Me har gjennomført fleire gode dugnadsarbeid for å halde kostnadene nede. Eit godt døme er legging av rulleplen, me hadde 60 born og vaksne i aksjon over ei helg. Dette sparte idrettslaget for om lag 200 000 kr!



Figur 2: Dugnadsleiar Nils Magne Slinde legg siste del av rulleplenen

Tabell 1: Kostnadsoversikt – Alle summar inkl. moms

Asfaltområde i aust	kr	200 000
Sum	kr	200 000

Gjerde - Entreprenør	kr	573 500
Gjerde - Dugnad	kr	200 000
Sum	kr	573 500

Fundament, grøfter, kablar	kr	370 000
Framføring av straum til skåp	kr	160 000
Straumskåp	kr	160 000
Lysmaster	kr	400 000
Lysarmatur	kr	550 000
Koplingspunkt i master	kr	60 000
Sum	kr	1 700 000

Volleyball,tennis, nett, stolper	kr	23 000
Stativ høgde	kr	3 000
Høgdematte	kr	55 000
Stativ til høgdehoppmatte	kr	13 000
Kastebur med nett, slegge diskos	kr	78 000
Presenning til hoppegroper, 2 stk	kr	25 000
Ballfangnett 5x30 m	kr	260 000
Sum utstyr	kr	457 000

Me kan dele gjenstående tiltak inn i tre:

1. Utstyr
2. Gjerde
3. Lyssetting

Under utstyr høyrer kastbur, volleyballnett, ballfangnett, høgdestativ og liknande. Dette trengs for å få full nytte av stadion.

Gjerde skal skilje aktivitetsområdet frå gangareal. Dette er særskild viktig for å hindre uhell og samanstøyt mellom publikum og utøvarar, og dessutan for å hindre motorisert ferdsel og anna uønska aktivitet på bana. Sistnemnde kan føre til skadar på stadion og tap av garanti, noko som ville vere øydeleggjande i lang tid.

Lyssetting aukar brukstida for stadion vesentleg. Me vil sjå ein langt større bruk av stadion om den kan nyttast utover kvelden på vår og haust.

Finansiering

Syrlil går sjølv inn med auka råmer for å fullføre prosjektet. Idrettslaget har tidlegare gjennomført ei kronerulling i bygda og samla tett på 100 000 kr til prosjektet. Dugnadsinnsatsen er verdsett til 1 070 000 kr etter reglane for spelemiddelberettiga anlegg. Det ligg altså ein stor eigeninnsats i prosjektet.

Me kan stille opp ei oversikt for finansiering, der me skil mellom første og andre del i prosjektet:

Byggesteg 1 er stort sett ferdig, og har finansiering. Byggesteg 2 er det vi nå søker finansiering for.

Finansiering

Byggesteg 1

Syril	kr	2 000 000
Leikanger kommune	kr	3 500 000
Spelemidlar	kr	2 800 000
MVA - refusjon	kr	1 700 000
Sparebankstiftinga	kr	400 000
Sum	kr	10 400 000

Byggesteg 2

Syril	kr	500 000
Sponsorgruppe	kr	953 569
Spelemidlar	kr	566 661
Sogndal kommune	kr	500 000
MVA-refusjon	kr	410 270
Sum	kr	2 930 500

Total sum	kr	13 330 500
------------------	-----------	-------------------

Behov sponsormidler: kr 1 453 569

Mellomfinansiering	kr	976 931
---------------------------	-----------	----------------

Me vil altså trenge om lag 1.45 mill. kr i støtte utanom spelemidlar og egne midlar. . I tillegg treng me mellomfinansiering tett på 1 mill. kr for å dekke postane for MVA-refusjon og spelemidlar. Det er her me håpar dykkar bedrift vil vere med å hjelpe oss. Som motyting vil vi kunne tilby reklame og eksponering av dykkar firma på våre anlegg.

Flater og eksponering

Det vil vere gode mogelegheiter for eksponering for våre samarbeidspartnarar på nye Syril stadion. Lysmaster, ballfangnett, namngjeving av fastmonterte trearbaner og frittstående skilt er aktuelle eksponeringsflater.

Syryl skal arrangere opningsfest av bana laurdag 21. august. Det vert stemne for ungar, musikk og offisiell opning. Me vil invitere samarbeidspartnarar, presse og aktuelle offentlege instansar til dette.

Me vonar de blir med på laget vårt! Med beste helsing **Arbeidsgruppa for nye Syril stadion**